

H O R D A L A N D.
Eigen tone.

Sjå morgonsoli stig over gamle Hordaland,
med Bjørgvin attved trauste moderbarmen,
og gyller øy ved øy langs vår lange fjellgrå strand,
strør glitr i dogg og foss av strålevarmen,
frå Folgefond til ytste Nordsjø-larmen.

Vår gamle-soga tegjer, avdi ho inkje veit
om fyrste-mann som her fann heim og yrke.
Kong Adalstein si sverdegg på Øyvind Skrøya beit.
Hans grav ligg sveipt i ljos frå heim og kyrkje,
der Gud gav folket trøyst i tider myrke.

Sjå havtrøytt sjømann skodar med lengt mot Hordaland,
der fiskarfloten sym langs øy og strender.
Sjå bonden dyrkar jordi, set tun og gard i stand.
Og Bjørgvin, Odda, Voss, sitt innslag sender :
ei framstigskraft av ånd og arbeidshender.

Stå grensevakt for Noreg, vårt framtid Hordaland.
Bruk moders mål, Lat flagget fritt seg svinga.
Set kjærleiksvakt kring heimen. Kveik heilag vardebrann.
Til flukt kvar svikfull Varg i Veum tvinga.
Søk livd ved Herrens sterke Fader-bringa.

Johs. M. L. Rydland.